
Saknr: 2020/628-12
Saksbehandlar: Nils Tore Eldegard

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		13.05.2020
Fylkesutvalet		28.05.2020
Fylkestinget		09.06.2020

Oppheving av forskrift om drosjereglement for Bergen k yreomr de, Bergen, Sund, Fjell og Ask y kommune, Hordaland

Forslag til innstilling

1. Forskrift om drosjereglement for Bergen k yreomr de, Bergen, Sund, Fjell og Ask y kommune, Hordaland, vert oppheva den 1.7.2020.

Samandrag

Den 1.7.2020 trer ny yrkestransportlov i kraft. Lova vil f re til fleire endringar, blant anna vert makstalet p  drosjel yve og driveplikta oppheva, og heile Noreg vert eitt l yvedistrikt. Same dato trer ogs  endringar i yrkestransportforskrifta i kraft, og blant anna vert § 46 oppheva. Dette er heimelen for l yvestyresmakta til   fastsetje n rare lokale reglar for drosjeverksemda i l yvedistriktet. Ettersom heimelen for   fastsetje slike reglar vert oppheva, m  ein oppheve forskrift om drosjereglement for Bergen k yreomr de, Bergen, Sund, Fjell og Ask y kommune.

Rune Haugsdal
fylkesr dmann

H kon Rasmussen
fylkesdirekt r

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Den 1.7.2020 trer ny yrkestransportlov i kraft. Hovudpunkta i lovendringa er:

- Oppheving av makstalsavgrensinga på drosjeløyve, med tilhøyrande driveplikt.
- Fjerning av lokale løyvedistrikt, heile Noreg vert eitt løyvedistrikt.
- Moglegheit for løyvestyresmakta (fylkeskommunen) til å tildele einerettar for drosjetransport i kommunar med innbyggjartal og befolkningstettleik under ein viss terskelverdi. For 2020 kan det ikkje tildelast einerettar i kommunar med 20 000 innbyggjarar eller fleire, og folketettleik på 80 innbyggjarar per km² eller høgare.
- Vidareføring av kravet om drosjeløyve, men lemping på innhaldet i løyvekravet ved at ein fjernar kravet om fagleg kompetanse for løyvehavarar.
- Fjerning av kravet om garanti for løyvehavar.
- Innføring av 10-årige drosjeløyve.
- Oppheving av sentraltilknytingsplikta for drosjer, og innføring av plikt til loggføring av alle drosjeturar.
- Innføring av fagkompetansekrav for søkar av køyresetel.
- Innføring av krav om at søkar til køyresetel må ha hatt førarkort i klasse B i minst to år samanhengande før vedkomande kan tildelast køyresetel for drosje.
- Justering av heimelen for miljøkrav, slik at denne følgjer kommunegrensene.

Som følgje av lovendringa, vert også yrkestransportforskrifta endra. Blant anna vert yrkestransportforskrifta § 46 sjuande ledd fjerna:

"Løyvemyndigheten kan fastsette nærmere regler for drosjevirkksomheten i løyvedistriktet. Slike regler kan i detalj foreskrive hvordan virksomheten skal utøves, herunder løyvehaver og drosjeførers plikter overfor publikum, drosjesentral mv."

Vedtakskompetanse

Fylkestinget har mynde til å oppheve forskrift om drosjereglement for Bergen køyreområde, Bergen, Sund, Fjell og Askøy kommune, Hordaland.

Vurderingar og verknader

Økonomi: ikkje relevant.

Klima: ikkje relevant.

Folkehelse: ikkje relevant.

Regional planstrategi: ikkje relevant.

Bakgrunnen for å innføre ei lokal forskrift for Bergen køyreområde var å fastsetje reglar for korleis drosjeverksemda i Bergen køyreområde (Bergen, Sund, Fjell og Askøy) skulle utøvast. Ettersom Bergen køyreområde har fleire konkurrerande sentralar, har det vore hensiktsmessig med eit lokalt regelverk. Det er i forskrifta regulert rutinar for justering av løyvetalet, løyvehavar og sentral sine plikter overfor kvarandre, løyvestyresmakta og publikum, og nærare reglar for overgang mellom drosjesentralane m.m..

Hensikten med slike reglar i ei lokal forskrift forsvinn med det nye nasjonale regelverket. Det skal ikkje lenger være eit makstal på drosjeløyve, slik at det difor ikkje vil være nokon lokal justering på løyvetalet i løyvedistriktet. Det vil heller ikkje lenger være noko lokalt løyvedistrikt, da heile Noreg vert eitt og same løyvedistrikt. Det vil sei at løyvehavarar kan drive kor dei vil i landet, uavhengig av kor dei har forretningsadresse. Vidare vil ikkje sentralane lenger ha nokon rolle i regelverket, og løyvehavarar kan fritt knyte seg til kva sentral dei vil, og sentralane står fritt til å velje kven dei vil akseptere som løyvehavar. Det vil såleis ikkje være nokon reglar for overgang mellom sentralane.

Det er på det reine at heimelen for å innføre ei slik lokal drosjeforskrift vert fjerna i den nye yrkestransportforskrifta, da § 46 sjuande ledd ikkje skal vidareførast i yrkestransportforskrifta. Ettersom fylkeskommunen ikkje lenger har heimel for å innføre nærare reglar for drosjeverksemda i løyvedistriktet, må forskrift om drosjereglement for Bergen køyreområde, Bergen, Sund, Fjell og Askøy kommune, opphevast.

Fylkesrådmannen har konkludert med at ettersom heimelsgrunnlaget forsvinn, er det ikkje naudsynt å sende fylkeskommunen sitt forslag om oppheving av forskrifta på høyring. Ettersom høyringsinnspela ikkje kan endre eller påverke opphevinga, vil ein høyringsprosess være å "anses åpentbart unødvendig", jf. forvaltningslova § 37 fjerde ledd bokstav c.

Konklusjon

Ettersom heimelsgrunnlaget fell vekk for forskrift om drosjereglement for Bergen køyreområde, Bergen, Sund, Fjell og Askøy kommune, Hordaland, må forskrifta opphevast den 1.7.2020.